



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmvtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernombord

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2024/154 - 432.2

Dato 20.11.2024

Innkalling til styremøte 02.12.24

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Måndag 02.12.24 kl. 10:00
Stad: Nutheim Gjestgiveri

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 30/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 31/24 | Saksframlegg:
Søknad om endring og ombygging på Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord – Tov-Eirik Lien |
| Sak 32/24 | Referatsaker |
| Sak 33/24 | Eventuelt |
| Sak 34/24 | Neste møte |



Sak 31/24

Søknad om endring og ombygging på Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord – Tov-Eirik Lien

Kort om saka

Det søkjast om innkleddning av dagens svalgang på endeveggen mot søraust til bruk som oppholdsrom. Tiltaket fører også til ei fasadeendring samt flytting av inngangsdør til fasaden mot sørvest. Tiltaket fører til ingen endring av bebygd areal BYA (som i dag er på 57 m²), men aukar bruksarealet BRA med 10 m². Ny fasade vil bestå av vindusflater, store glassflater mot søraust, med anna utsjåande enn dagens småruta vindauge.

Seljord kommune har vidaresendt søknad om endring av Sudstaulen på Krakkset. Sudstaulen ligg i Brattefjell – Vindeggen landskapsverneområde. Seljord kommune er positiv til tiltaket men ser at utforminga av nye vindauge må vurderast, då desse ikkje er tilpassa byggeskikken i lokalmiljøet rundt Krakkset og generelt i verneområdet.

Seljord kommune ber difor om at verneområdestyret handsamar søknaden etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedlegg

- Søknad motteke 20.09.24 (2024/10481).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjelder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til skas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.



I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Hytta ligg i kulturlandskapssona. Forvaltningsplanen seier mellom anna følgjande om bygninga i kulturlandskapssona: «*Kulturlandskapssona omfattar område som skal gje eit representativt utval av menneskjepåverka område og bygningar som bør takast vare på. Dei utvalte områda har særlege kvalitetar/verneverdiar av kulturhistorisk tyding. Områda inneheld viktige døme på ulike bruksformer, lokal byggeskikk og er av særleg verdi for ålmenta og friluftslivet.*»

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheten på nærmere vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. I høve til forvaltningsplan er maksimal storleik på hytte BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

I denne saka søker det om dispensasjon frå verneforskrifta for innkledning av dagens svalgang på endevegg mot søraust til bruk som oppholdsrom. Tiltaket fører også til ei fasadeendring samt flytting av inngangsdør til fasaden mot sørvest. Tiltaket fører til ingen endring av bebygd areal BYA (som i dag er på 57 m²), men aukar bruksarealet BRA med 10 m². Ny fasade vil bestå av vindusflater, store glassflater mot søraust, med anna utsjåande enn dagens småruta vindauge.

Søkjar skriv følgjande om tiltaket: «*Tiltaket omfatter innbygging av svalgang mot nordvest. Eksisterende bærekonstruksjon med bjelkelag, søyler og åstak beholdes og bygges inn ved isolering av dekket, bindingsverksvegger mellom søylene og isolering og lufting mot yttertak.*

Det settes inn gode vinduer i fasaden i byggets nye gavlvegg for å skape godt med lys og utsyn inne. Et viktig moment i ombyggingen er å få flyttet inngangsdøren fra gavlen til langveggen mot syd. Dette gir en bedre planløsning. Fasadene kles med stående kledning slik det er på resten av bygget, der den eldste laftekassen ikke er kledd inn.

Byggets bebygde areal endres ikke, kapasiteten i forhold til overnatting forblir uendret, og konsekvensen for omgivelsene vurderes som meget begrensede.

Tiltaket er ikke nabovarslet da dette er et mindre tiltak på en stor eiendom med stor avstand til naboer.»

Vurdering i høve til kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta:

Endring av fasade og ombygging av eksisterande bygg på same stad med same BYA kan i utgangspunktet kome inn under summen av omgropa "mindre tilbygg" og "ombygging".




Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet

I dette høve er det særleg dette med fasade og lokal byggeskikk verneområdeforvaltinga skal vurdere. Forvaltingsplanen seier mellom anna: «*Kommunane kan gje estetiske retningsliner og forskrifter i tråd med Plan- og bygningsloven § 29-2. Eventuell godkjenning av innsetting av vindauge må ikkje endre bygningen sin karakter og må vere underordna bygningane sitt opphavlege preg.*

Alle byggetiltak må tilpassast byggeskikken i lokalmiljøet med omsyn til takvinkel, taktekking, storleik, farge og fasade. Alle bygningar i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet må ha ein mørk tradisjonell farge (grå/brun i mørke nyansar), mens taket primært må vere av typen bord- eller torytak. Likevel er det mange dømer på at bygningar i Brattefjell-Vindeggen er tekt med bølgjeblikkplater, noko som må seiast å vere tradisjonelt for området. Uttak av torv lokalt til taktekking av bygningar i Brattefjell-Vindeggen krev dispensasjon. Det vil då bli vurdere korleis tiltaket vil virke inn på verneføremåla.

Det kan ikkje krevest spesifikke materialval, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggar vert bruka materialar av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse.»

Teikningane til søknaden syner eit bygg med nokså tradisjonelt preg som passar godt inn på eksisterande plassering og i høve til omgjevnadane og landskapet. Når det gjeld vindauge på fasade vest i teikningane, så syner dette nokså store og moderne vindauge som ikkje kan seiast å vere i tråd med byggets opphavlege karakter eller lokal byggeskikk i området.



Utklipp frå vedlagte teikningar i søknaden.

Verneområdestyret har i tidlegare og liknande saker gjeve tillating til at noko meir moderne vindauge til ein viss grad kan nyttast i samband med ombygging og fasadeendring. I dette høvet ynskjer verneområdestyret at vindauge på vestleg fasade vert noko redusert i storleik. Det kan stillast som vilkår i vedtak at nye teikningar med reduserte vindauge må sendast inn og godkjennast av forvaltingsmynde før byggearbeid kan starte opp.

Seljord kommune er av same oppfatning, då dei skriv i oversendingsbrev at dei er positiv til tiltaket men ser at utforminga av nye vindauge må vurderast slik at desse er tilpassa byggeskikken i lokalmiljøet rundt Kraksett og generelt i verneområdet.

Endring og ombygging av eksisterande bygg vil ikkje føre til relevant auke i bruken, men det kan tenkast noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så bør transport og/eller bygging stanse opp.

Hytta ligg sør i verneområdet og i villreinområde, men ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde. Området er likevel å rekne som eit viktig habitat, då villreinen ofte nyttar dei sørlege skogsområda i verneområdet sumar og haust.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombordet**

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet blir negativt påverka. Ein vil sjølv sagt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Alle avgjerder av ein forvaltingsmyndighet vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit delvis positivt vedtak med klare vilkår forsvarast også ut frå moglege presedensverknader.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Tov-Eirik Lien løyve til endring og ombygging av eksisterande hytte, som inneber innkleining av dagens svalgang til bruk som opphaldsrom samt fasadeendring med vilkår. Tiltaket gjeld eigedomen Sudstaulen på Krakkset, gnr. 102 bnr. 2 i Seljord kommune, som beskriven i søknad dagsatt 20.09.24. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Nye teikningar av hytte/fasade med reduserte vindaugeflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Seljord kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.

- Det vert sett følgjande vilkår:
- Nye teikningar av hytte/fasade med reduserte vindaugeflater tilpassa lokal byggeskikk i området, må sendast til verneområdestyret og Seljord kommune for godkjenning før oppstart av byggearbeid.
 - Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
 - Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
 - Søppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
 - Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktivitetene.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagar rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt Tov-Eirik Lien.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombåde**

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver